




01
feb 2016

Fylkesaktuelt

NYTT FRÅ
FYLKESKONTORET FOR
HORDALAND OG
SOGN OG FJORDANE



Det nærmar seg
vår og meir uteliv.
Då er Hopp for
hjertet ein flott
aktivitet for dei
unge på skulen.

Snart: Hopp for hjertet og Hjerteuke



På stand

Øen helselag;
på plass der det
skjer!

Her frå Kvern-
steinsmarknaden
i mai i fjor, med
informasjon om
diabetes 2, sunn
mat og tannhelse,
(i samarbeid med
tannhelseklinikken).

Godt nyttår til alle medlemar i helselag og demensforeiningar!

Me er godt i gang med eit nytt og spanande år med mange aktivitetar i regi av Nasjonalforeningen sine helselag og demensforeiningar. Ordninga med Aktivitetsvenn er satsingsområde også i 2016. Medlemsverving er eit anna satsingsområde, her er det premiar å henta!! Elles er det høve til å søkja midlar frå innsamlingsaksjonen 2013 i fleire år framover. Som eg tidlegare har sagt, er det kort sakshandsamingstid, så det er berre å setja i gang, og brukta fantasién!

Helsing frå
Kjell Nesbø
– fylkesleiar
Hordaland

Invitasjon til årsmøtet er på veg. Eg vonar svært mange vil melda seg på og delta på fylkesårsmøtet som i år vert i Bergen. Regionmøta har vorte avvikla i løpet av februar, og eg reknar med at arbeidet med dei lokale årsmøta er godt i gang. Fristen for desse årsmøta er utgangen av mars månad.

Elles er det å merka at den lokale inspirasjonssamlinga i slutten av oktober går ut, og vert erstatta av ei sentral samling på Lillestrøm 21. - 23. oktober 2016. To personar frå kvart lokallag kan delta på denne samlinga. Merk dåke tidspunktet allereie no!

Eg ynskjer alle laga og fylkesadministrasjonen lukka til med aktivitetane i tida framover!

Sidan fylkesleiaren i Sogn og Fjordane dei siste vekene har prioritert 37 grader i lufta, med påfølgande avkjøling i bassenget, og morgondakt i Cape Town med Desmond Tutu, så er ho fritatt frå å meina så mykje på denne sida her denne gongen. :-)

Asborg
Leirdal Kjærsvik
– fylkesleiar
Sogn og Fjordane



Regionmøter

I månadskiftet januar-februar har me samla oss lokalt og halde 11 regionmøter i fylka våre: på Askøy, i Kvinnherad, Sogndal og Førde, på Lavik, på Stord, i Granvin, i Masfjorden, på Osterøy og Eid. Jevnt godt oppmøte og mange fine tema og erfaringar blei lufta. Vi merkar oss at det er spesielt god interesse for kosthald, og å knyte til seg barnehage og skule i den forbindelse. Mange melder også om sukkerquizen som ein fint høve til å få kontakt med folk og lett få fram eit godt kosthaldspoeng.

Landsdekkjande samling på Lillestrøm til hausten

Fleire lokallag har ønskt å treffast oftare i landsdekkjande møter. Derfor blir vår Inspirasjonsamling til hausten halden på Lillestrøm 21. - 23. oktober. Eigenandelen blir kr 1500 pr pers, max to pr lag. Fylkesstyret vil refundere utgiftene for påmeldt nr to. Reisa blir også dekt. (*Altså i praksis: utlegget totalt for laget blir det same om de sender ein eller to personar: kr 1500). Meir informasjon og påmeldingsfrist kjem seinare.*

Søk etter friske midlar

15. mars er søknadsfrist for Tubfrim og Extra Express.

Plussord i søknad: aktivitet i eige lag/mulighet for rekruttering/i tråd med organisasjonen sine planar og visjonar/- og vektlegg gjerne om muligheten for at aktiviteten kan drivast vidare etter at midlane er brukt opp.

<http://www.tubfrim.no/>

Førebyggjande og trivselsfremjande tiltak blant barn og unge.

Øvre grense 25 000 kr (*men sjeldan at ein får så mykje*).

Blir delt ut i juni, og må brukast i løpet av eit år.

<https://www.extrastiftelsen.no/> (*kan også søkje 15. september*)

Alle aldersgrupper. Søknadssumma frå 5 000 til 30 000 kroner.

Må brukast i løpet av eit år.

Husk og at de kan søkja om midlar til lokale hjerteaktivitetar, som mat- og kosthaldskurs eller fysisk aktivitet og trim.

Søknadsskjema ligg på: nasjonalforeningen.no/medlemsnett

Hopp for hjertet

Så er det snart tid for hoppetau igjen, og i perioden 26. april - 11. mai arrangerar vi denne konkurransen for ellevte gang



for alle elevar ved 4. - 7. trinn. **Målet med konkurransen er å vise at fysisk aktivitet både er morsosamt og bra for helsa, og fint kan kombinerast med fag og undervisning.** I fjor engasjerte Hopp for hjertet over 109 000 barn! **Premiar:** Det blir kåra ein nasjonal vinnar som vinn aktivitetsutstyr til klassen. I tillegg blir det kåra 18 fylkesvinnarar, og 38 vinnarar av aktivitesutstyrspremiar, uavhengig av oppnådd poengsum.

Kontakt gjerne din lokale skule og minn dei på dette fine tiltaket!

Påmeldingsfrist er fredag 11. mars.

For påmelding, gå inn her: **www.hoppforhjertet.no**

Hjarteveka 2016: 9. - 15. mai (veke 19)

Bestillingssfrist materiell Nasjonalforeningens hjerteuke: onsdag 9. mars.

God aktivitet i lokallaga

Øen helselag er stadig eit godt eksempel, dei heldt jevn og god aktivitet gjennom året, og **vervar medlemmer** på det. Dei held eldrekafe kvar laurdag i månaden, open for alle, men spesielt for folk med demens og deira pårørande. Alltid godt frammøte og god stemning. I mai deltok dei i samarbeid med tannhelseklinikken på stand med info om diabetes 2 og sunn mat. Her eit bilde frå eldrefesten med 70 deltakarar, der senior-dansen svingar seg.



Aktivitetsvenn

Året starta med signering av **samarbeidsavtale** i det interkommunale samarbeidet mellom Sogndal, Luster og Leikanger kommune i Sogn og Fjordane. Arbeidsgruppa er sett saman av representantar frå demensteama og Indre Sogn demensforeining, Gaupne helselag og Jostedal helselag. Vi har òg signert samarbeidsavtale i Askøy kommune i Hordaland. Det er no signert seks samarbeidsavtalar i prosjektet. **Ein samarbeidsavtale mellom arbeidsgruppa og kommunen er ei føresetnad for å kunne starte Aktivitetsvenn.**



Dei neste månadane er det planlagt **kurs for Aktivitetsvenner** i Jølster, Sogndal (i det interkommunale samarbeidet), på Lindås og på Stord. Det er rom og kapasitet til at fleire lokallag og kommunar kan etablera Aktivitetsvenn utover våren; primært frå mai. Så om de er interesserte i å vite meir om Aktivitetsvenn eller starte opp sjølve, kan de ta kontakt med meg: e-post: eva.steigen@nasjonalforeningen.no, mobil: 406 08 012.

Til inspirasjon



EIT GODT TEAM: Christel Brakstad Bratshaug og Inger Fosse Dalland jobbar som aktivitørar på Alversund dagsenter i Hordaland, i ein gammal, kvitmåla sveitservilla som dei leiger av Alversund helselag. Denne humørfylte gjengen har no vore med og fortalt si historie om sin kvardag, og fått sitt eige kapittel i ei nasjonal inspirasjonsbok om dagtilbod for heimebuande personar med demens. Boka heiter «**En dag og en reise**».



Planlegg de jubileumsfeiring snart?

Meld gjerne inn til oss på fylkeskontoret i god tid om dette

Dei neste på trappene er Tysnes helselag som blei stifta 15. mars 1916.

Askøy helselag 100 år

Det var fullt hus då Askøy helselag feira 100 års jubileum i november, med jubileumsmiddag og utmerkelsar, og underholdning av både Veteran-korpset og Lerkekoret. Dei som blei heidra for lang og god innsats med diplom og nål, var: Tore Johansen, Sissel Eilertsen, Rigmor Jonasdal, Birger Lønnseth, John Davidsen og Ida Hellebø.



Frå venstre: leder Nasjonalforeningen Dag S. Thelle, Birger Lønnseth, Ida Hellebø, ordfører Terje Mathiassen, Sissel Eilertsen, John Davidsen og Tore Johansen, leder i Askøy helselag.

Litt historie frå det første helselaget:

Skånevik helselag blei stifta i 1884 av sokneprest Peter W. K. Böckman (foto), og er sannsynligvis det eldste helselaget i landet. Då heitte laget «Frivillig fattigpleieforening». Oppgava då var å yte «hjelp og stønad til trengjande». I 1914 skifta foreningen navn til «Den frivillige fattige og sykepleierforening». Då fekk dei menighetssøster (sykepleiar). Dette året blei dei og innmeldt i Nasjonalforeningen. Det fins bøker fra 1918 om kven som fikk stønad og kor mykje, og det fins også bilder av det første styret.



Nytt om oss på nett

Kvar enkelt lag har si eiga side med informasjon, som f.eks.:

www.nasjonalforeningen.no/ovre-ardal-helselag

(når du leitar opp ditt lag; om du har æ, ø eller å i navnet ditt, bytt ut med a, o og a i adressa, bruk bindestrek mellom orda).

Gå fortsatt gjerne inn og skjekk at opplysningane som ligg ute er rette. Meld inn til oss på fylkeskontoret om noko trengs endrast.

Du finn mykje nyttig informasjon til drift av laget på våre nettsider:

www.nasjonalforeningen.no/medlemsnett



Nasjonalforeningen sin **nettbutikk** er fornøya, og her kan du gå inn og kjøpe mange fine og nyttige ting. Konvoluttar og liknande er gratis, (kun porto).

Nasjonalforeningen er stolt av å kunna presentera ein heilt ny pakke med **treningsfilmar**, CD-ar som de kan kjøpa i nettbutikken på medlemsnett for kr 400,-.

Du kan gå inn her for få vite meir om innhaldet og for å sjå filmane:

<https://vimeo.com/album/3747187>

*Det er i alt åtte forskjellige treningsfilmar, alle på 30 minutt:
Styrketrening - Balansetrening - Avslapping - Kondisjon; alle på to ulike nivå. For å bestilla Treningsvideopakka går du denne ruta:
nasjonaforeningen.no > medlemsnett > nettbutikken > for medlemmer > interne publikasjoner.*

! Når du som lokallag bestiller i nettbutikken, blir du bedt om å leggje inn **brukernavn og passord**. Det betyr: **lag desse sjølv**, - men lurt å velge navn og passord som er lett å huske, og som du kan gje vidare til andre i laget. Slik vil de vere registrert for seinare bestillingar.



Ein liten vårvits:

Avdelingssjukepleiaren på sjukehuset hadde innprenta dei nye elevane at dei ikkje måtte framheve nokon lege framfor ein annan for pasientane. Elevane tok dette til seg, så i beste meinings svara ein av sjukepleiarane ein henvendelse på telefonen med:
«Vi har seks legar her på avdelingen, men eg kan dessverre ikkje anbefale nokon av dei.»

Viktige datoar utover våren:

Bestillingsfrist materiell til **Hjerteuken**: onsdag 9. mars

Påmeldingsfrist **Hopp for hjertet**: fredag 11. mars

Frist **saker** til fylkesårsmøte **Hordaland**: tirsdag 8. mars

Påmeldingsfrist fylkesårsmøte Hordaland: torsdag 17. mars

Fylkesårsmøte Hordaland: 8. - 9. april

Frist **saker** til fylkesårsmøtet **Sogn og Fjordane**: mandag 14. mars

Påmeldingsfrist fylkesårsmøtet Sogn og Fjordane: mandag 4. april

Fylkesårsmøte Sogn og Fjordane: 22. - 23. april

Nasjonalforeningen
for folkehelsen



Fylkeskontoret
Nasjonalforeningen for folkehelsen
Bredalsmarken 15
5006 BERGEN



Følg oss
på Facebook

Vi vil gjerne dele små og store nyhende frå ditt lokallag

telefon: 55 31 15 41 e-post: hosfj@nasjonalforeningen.no www.nasjonalforeningen.no